

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 13.02.2017, kl. 16.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Janne Gommessen, Pål Aarsæther
og varamedlem Arnstein Sæthre.

=5 voterande

Elise Marie Backlund Stavset hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn 3 tema under eventuelt.

**SAK 01/17
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16.11.2016**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16.11.2016 blir godkjent.

**SAK 02/17
DIVERSE TEMA TIL OPPFØLGING – LEIAR ORIENTERER**

Leiar viste til at kommunen ikkje har utarbeidd eigarskapsmelding og kom inn på føresetningane om dette i plan for selskapskontroll. Han kom også innpå kontrollutvalet sitt budsjett for kurs og opplæring. Kontrollutvalet hadde sendt inn eit forslag på 50.000 kroner.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet etterlyser eigarskapsmelding for Skodje kommune

- Det kan vere grunnlag for å sjå nære på saksbehandlingsrutinane som er nytta når det gjeld kontrollutvalet sitt budsjett. Kombinert med dette kan utvlalet sine medlemmar vurdere ein dialog med sine partigrupper om kontrollutvalet sitt behov.

SAK 03/17 ORIENTERING FRÅ SEKRETARIAT OG REVISOR

Dagleg leiar i kontrollutvalsekretariatet orienterte litt med bakgrunn i utkast til kontrollutvalet si årsmelding samt framlegg til årsplan. Det vart også vist til arbeidet i styringsgruppa for Nye Ålesund kommune når det gjeld kontrollutvalsekretariatet som no ser ut for å bli behandla i samanheng med dei andre interkommunale selskapa. Det vart også orientert om tilsetting av ny dagleg leiar i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte om årsrekneskap, årsmelding og fristar. Han kom også inn på ein selskapskontroll av ÅRIM IKS, ein forvaltningsrevisjon som vil bli levert i løpet av våren.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/17 ÅRSMELDING 2016 SKODJE KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 06.02.2017

Inge Øye sette fram forslag om eit ekstra punkt i årsmeldinga. Dette lydde slik:

Kontrollutvalet ser ikkje at kommunestyret handla i samsvar med ei tillitsskapande forvaltning og høg etisk standard, då det vedtok å ikkje la alternativet «Eigen kommune» vere med i folkerøystinga om kommunesamanslåing. Å røyste blankt er ikkje det same.

Leiar sette fram forslag om erstatte ordet «får» med ordet «fekk» i andre avsnittet under «Aktiviteten i året» Setninga begynner då slik: *Kommunestyret fekk dermed høve til -----*

I tredje siste avsnitt fremma han forslag om å stryke 2. og 3. setning. Ut i frå dette vil avsnittet lyde slik: *Skodje kommune har fått reglement for kontrollutval i året som gjekk. Det blir vist til sak 18/16 i kontrollutvalet.*

Ved votering fall Inge Øye sitt forslag med 4 mot 1 røyst. Leiar sine 2 forslag vart samrøystes vedtekne.

SAK 05/17 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET

Saksdokument frå kontrollutvalgsekretariatet datert 06.02.2017

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsplan for 2017 slik som går fram av punkt 1, 2 og 3 ovanfor.
Årsplanen kan bli revidert etter behov.

06/17**MULIGE TEMA TIL NESTE MØTE**

(Saka kom opp under eventuelt)

1. Kvaliteten på drikkevatn i kommunen
2. Avfallshandtering på Furlia.
3. Kontroll med svart arbeid og sosial dumping

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Rådmannen bli kalla inn til neste møte for å orientere om desse emna, om kommunens ansvar og tilsynsplikt m.v.

Når det gjeld kvalitet på drikkevatn vil kontrollutvalet avgrense temaet til vassforsyning som ikke er tilknytt det offentlege vassverket i Skodje kommune og då på følgjande:

- Har kommunen kontroll på dei forskjellige drikkevannskildene som blir nytta?
- Kva gjer kommunen for å bygge ut vassleidningane til område som no ikke er dekt?

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign)

Janne Gommesen
medlem
(sign.)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)

Arnstein Sæthre
varamedlem
(sign.)